

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4

Juli. 1995

49. årg.



Dronning Sonja les teksten på Moster
1. pinsedag.

KPK-foto: Håvard Sæbø

Gud signe vårt dyre fedreland
og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred frå fjell til strand
og vetter for vårsol røma!
Lat folket som brøder saman bu,
som kristne det kan seg søma!

No er det i Noreg atter dag
med vårsol og song i skogen.
Om sædet enn grov på ymist lag,
Det brydder då etter ploget.
Så signe då Gud den gode såd
Til groren ein gong er mogen!

Elias Blix

UNGDOMSARBEID

15. januar 1994 vart det skipa til eit seminar for kristent ungdomsarbeid i Vaksdal kommune. Optimismen var stor etter seminaret. Nokre konkrete tiltak, så som, nattkafe, skulelag, ungdomsradio vart starta opp.

I dag må ein vel kunna seia at det kristne ungdomsarbeidet i Vaksdal ligg meir eller mindre nede for telling. I fjor haust vart det skipa til nokre nattkafear, men oppmøtet var vel ikkje slik ein hadde vona. Skulelaget er vel i dag det som me kan sei fungerer tilfredstillande. Skulelaget har nå også fått vaksenleiar, Reidun Laastad Dyvik.

Og her er ein ved noko av kjernen for at det er vanskeleg å få ting til å gå rundt, mangel på leiarar. På årsmøtet til Nordhordland Indremisjon var det peika på at lokal leiarfostring er eit felt som det må satsast mykje sterkare på.

Skal me nå ungdomen må dei også få bryna seg. Eg trur ein betre dialog mellom vaksne leiarar og ungdomane om korleis dei ynskjer at ungdomsarbeidet skal organisereast er viktig.

Svein Høysæter sa på ungdomsseminaret i fjor at ungdomane er morgondagens kyrkje. Problemet er vel at dei som er mest aktive som leiarar har meir enn nok å ta seg av. Tid er også ein faktor. Me må visa tolmod og ikkje venta at alt skal skje med ein gong. Men det viktigaste er å be for ungdomsarbeidet, at det må lukkast.

Utfordringa går til deg som ser dette arbeidet som viktig, og då kjem ordet prioritering inn. Ungdomen er verdt at me prioriterer han.

Ragnvald Kringlebotten

GOD SOMMAR

Redaksjonen vil takka lesarane for fylgje dette halvåret og ynskja alle ein god og aktiv sommar.

Ta deg tid til leir, stemner eller bibelcamping, ein aktiv sommer er ein god sommar.

Red.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 11. august 1995.

Bladet kjem ut i veke36 som byrjar med 4. september
Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20.
Res. kap. Kjell Arne Norum
tlf. 56 59 70 88 Mobiltlf. 94 50 29 92.
Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag, onsdag og torsdag kl. 9-13.
HUGS - måndag er presten sin fridag.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 60,-
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle.
Tlf. 56 59 51 81/56 59 52 50
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese

1000-ÅRS-MARKERING

I pinsehelga vart det markert fleire stader i Vaksdal at det var 1000 år sidan kristendomen fekk varig fotfeste i Noreg. Kyrkjebladet vil her ta med glimt frå desse tilskipingane og på side- ne 4 - 6 har me ein fotokavalkade frå tilskipingane. Sjå også side 10.

STAMNES

Det heile starta med gudstenester i Stamnes og Vaksdal kyrkjer 1. pinsedag kl. 11. På Stamnes var det Kjell Arne Norum som tala. Han sa at for 1000 år sidan hadde den nye trua byrja å få feste. Vikingar hadde vore på røvartokter og fekk med seg nye tankar heim, og engelske misjonærar hadde vore her før Olav Trygvason kom til Moster. Men det var frå år 995 at kristendomen for alvor fekk feste mellom folket.

I preika si som handla om vintreet sa Norum skal greina bera frukt må den vera på treet. Slik er det også med vårt høve til Jesus skal me bera frukt som kristne, må me vera i Jesus. Då kan me bera andens frukter som er: Kjærleik, glede, fred, langmod, truskap, spaklynde og sjølvtying.

Og slik som sevja usynlig gjev kraft til treet gjer den Heilage Ande si gjerning i kristenlivet.

Slik gartnaren podar greiner på treet vert me poda saman med Jesus i dåpen. Men skal livet med Jesus verta levande må me gi det næring ved gudsord og bøn, sa Norum.

KYRKJEKAFFI

Etter gudstenesta samlast me i Stamnes Bedehus til kaffi, rundstykke og kaker.

Anne Margrete Eikefet leia samlinga. Lasse Vassenden las prolog til Stamnes kyrkje og fortalde litt historisk om Stamnes som kyrkjestad og han sa at sannsynligvis har det vore kontakt med kristendomen på Stamnes før den kom til Moster. Ein reknar med at det har vore kyrkje på Stamnes frå omlag midt på 1100-talet, og ikkje 1200-talet slik me skreiv i førre kyrkjeblad.

Elles deltok born og vaksne med song og to ung- jenter sytte for fløytemusikk

VAKSDAL

På Vaksdal vart det markert med gudsteneste 1. pinsedag ved Frode Kvamsøe. Etter gudstenesta samlast kyrkjelyden ute til deling av ei stor kake. Vaksdal hadde også markering om morgonen 2. pinsedag. Det var kalla morgonsong. Dei fram- møtte samlast utanfor døra og gjekk inn i prose- sjon med ein song ein latinsk salme. Julia Harbrecht og Børge Sandal var forsongarar. Me spurde Julia Harbrecht kor ho hadde fått ideen til dette.

-Det fekk eg på årsmøtet i Bjørgvin organist- forbund. Me fekk lyst til å markera litt historie med å syngja melodiar frå middelalderen, sa Julia.

Børge Sandal som studerar i lag med Julia gjekk i ein spesiell drakt, og me ville gjerne vita kva det vor for slags drakt. Det er ein drakt som er mykje brukt av organistar i den anglikanske kyrkja, men også meir og meir her heime. Den svar- te delen av drakten som ein går med til vanleg heiter cassock på engelsk. Den kvite liturgidelen heiter surprise, fortalde Børge, som også la til at Anlaug og Marit Sandal er tantene hans. Sjølv kjem han frå Skjeberg.

Etter gudstenesta var det frukost i konfirmant- rommet, og alle kosa seg med mat og prat.

DALE

Sjølve hovudmarkeringa var i Dale Kyrkje om kvelden 2. pinsedag. Til denne gudstenesta var Trygve Urhaug frå pinsemenigheten på Vaksdal og Rolf Palmesen frå Agape innbedne. Elles del- tok representantar frå ymse misjons- organisa- sjonar i Vaksdal. Det var song ved Dale Mannskor og eit utvida kyrkjekor.

I preika frå Johs. 3,16-21 sa Kvamsøe at Guds kjærleik til oss er så stor at han ofra sonen sin for oss. Gud ynskjer ikkje fortaping og han sende sonen sin for å frelsa oss. Evangeliet som starta i Israel kom så omsider til Noreg. Går det an å tru dette. Me kan ikkje tru det av oss sjølve. Her kjem den Heilage Ande inn, den kan skapa tru i oss. Me må la Jesu kjærleik prega oss, sa Kvamsøe.

FEST

Etter gudstenesta samlast omlag 100 personar til festleg markering i kantina til Dale Garn og trikotasje.

Av programmet kan me nemna at det var prolog ved Ragnvald Kringlebotten og Urhaug fortalde levande om turen han hadde hatt til Moster i pinsehelga. Både Urhaug og Palmesen fortalde om korleis forsamlingane deira fungerer.

På festen var det også song av Dale kyrkjekor med fleire og fellsong.

R.K.



Foto: Ragnvald Kringlebotten

Lasse Vassenden las prolog ved Gudstenesta på Stamnes 1. pinsedag.



Song og mat høyrer med på ein fest.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Foto: Ragnvald Kringlebotten

Kristina Straume t.v. og Sunniva Gammersvik spelte fløyte på Stamnes.



Dale Kyrkjekor med fleire song i Dale Kyrkje 2. pinsedag.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Deltakarar på morgonsong i Vaksdal Kyrkje 2. pinsedag.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Foto: Ragnvald Kringlebotten

Prosesjonen av lekfolk, kyrkjeleg tilsette og prestar på veg inn i Dale Kyrkje, 2. pinsedag.

VASSBAKKEN-STEMNA

Helgetorsdag, 25. mai, var det samla folk frå fleire stadar i Vaksdal til den årlege Vassbakken- stemna. Kjell Arne Norum foretta og Frode Kvamsøe preikte. Kvamsøe tok utgangspunkt i Luk. 24, 46-53. Det er fullbrakt sa Jesus til læresveinaen sine. Nå kan eg reisa heim, heim til Gud. Korleis kunne han reisa, læresveinane var jo vortne så avhengige av han. Kunne han ikkje vore ein leiarsmann for dei. Men han har ikkje forlete oss. Han er med oss. Han skulle senda ein hjelper, den Heilage Ande. På den måten kan han vera hjå oss alle samstundes.

Læresveinane skulle venta til dei fekk kraft. Det tok til i det små, sidan bar det vidare utover. Me må la oss leia av Gud. Kristi himmelfartsdag er ein jubeldag. Gud signar oss alle til å gå. Noko av det beste i kyrkja er velsigninga. Gud velsignar oss alle til teneste på kvar vår plass, sa Kvamsøe.

Etter gudsteneste var det som vanleg matøkt med mykje småprat og leikar for barn og vaksne.

(R.K.)



Foto: Ragnvald Kringlebotten

Vassbakken-stemna 1995 var siste stemna til Kjell Arne Norum før han sluttar.



Foto: Ragnvald Kringlebotten

Asbjørn Ekse sytte for musikk til songane på Vassbakken.

BERGSDALEN KYRKJE 40 ÅR

Søndag 11. juni var ein stor dag for folk i Bergdalen, då feira dei at det var 40 år sidan kyrkja vart reist. Sjølv vigsledagen var 3. juli. I Gudstensta sa Kjell Arne Norum "All himlen priser Herres ære", difor vart det bygd kyrkje i Bergsdalen. Ordet kyrkje tyder "Det som høyrer Herren til."

Teksten handla om Nikodemus. Han kom til Jesus for å læra meir. Nikodemus tenkte nok som så: Bli borgar av Guds rike med det han allereide hadde. Prøva å byggja si eiga plattform. Men Jesus snur det heile opp ned. Kristendomen er ikkje noko me skal få til. Me må verta fødde på nytt. Me vert barn av Guds ved Guds eigen inngripen. Dåpen er starten på livet med Gud, frelsa er Guds eige verk. Me vert fødde på nytt for å leva, Johs. 3,36. Å tru er koma me ei tom hand som ikkje er fulle av eigne gjerningar.

KYRKJEKAFFI

Etter gudstenesta samlast me i kyrkjesalen i kjellaren til mat og drikke. Lise Lotte Småbrekke las litt frå møteboka til kyrkjenemnda og eit stykke frå Bergsdalsboka. Stykket i Bergdals- boka, som skal vera sant, handla om to kvinner som var på veg over fjellet til Bolstad for å gå i kyrkja. Etter ei stund kvilde dei, då gjekk det brått eit ljøs over andletet til ei av kvinnene. Ho sa: "No høyrer eg klokkeklang frå Liatreet". Dette hende langt attende, den tid det berre var to bruk på Lid. Nokre hundreår seinare er ein bærplukkar på veg opp lia. Brått vart stilla broten av klokkeklang, men no var det klang frå den nye kyrkja i Bergsdalen."

Knut Rødland fortalde frå nemnda sitt arbeid. Han sa at dei søkte ikkje styresmaktene, som den gong var tyskarar, om løyve til å starta. Dei tok til med det som i dag er kyrkjesal.

-Me vart einige om at dersom tyskarane føretok seg noko var eg villig til å sitja inne, men eg rekna med at dei hadde så pass respekt for eit Gudshus at det skulle gå bra, fortalde Rødland. Elles kunne han ikkje få takka dei to damene i nemnda, Klara Lid og den einaste som lever att av nemnda saman med Rødland, Alvhild Berge.

Dei sytte for både mat og vinstar til årleg basar til inntekt for kyrkjebygget.

-Me fekk 5000 kroner med oss og reiste til Bergen for å handla inn det utstyr me trong til kyrkjesalen, sa Alvhild Berge. Me passa godt på veskene våre på toget til Bergen.

Elles fekk me sjå ein film frå vigsledagen då omkrig 1200 menneske hadde funne vegen til Lid.

R.K.



Foto: Ragnvald Kringlebotten

Lise Lotte Småbrekke gav blomar til Alvhild Berge og Knut Rødland som takk for arbeidet i kyrkjenemnda.



Foto: Per Småbrekke

Jørgen Småbrekke saman med Frode Kvamsøe på konfirmasjonsdagen 28. mai.



Konfirmantar i Dale Kyrkje 7. mai saman med Frode Kvamsøe

Foto: Løtvedt



Konfirmantar i Vaksdal Kyrkje 14. mai saman med Kjell Arne Norum

Foto: Løtvedt



Konfirmantar i Stamnes Kyrkje 21. mai saman med Kjell Arne Norum.

Foto: Per Gammersvik



Konfirmantar på Eidland 28. mai saman med Kjell Arne Norum.

Foto: Torleiv Lode



Foto: Frode Kvamsøe

Lærarar og elevar frå Stamnes og Eidslandet skular utanfor Bruvik Kyrkje saman med prest og organist.

KYRKJETUR

Måndag 19. mai var elevar og lærarar frå Stamnes og Eidslandet skular saman med prestar og organist på tur til kyrkjene i Stamnes, Bruvik og Eidslandet for læra litt om kyrkje- historien til desse stadane.

-I eldre tider rodde dei frå Stamnes til Bruvik for å henta presten, fortel Arne Normann.

TAKK

Gudstenesta på Stanghelle Bedehus 18. juni var siste gudstenesta til organist Lars Ragnvaldsen før han tek permisjon.

Soknerådsformann i Dale sokn, Eli Kringlebotten overrakte Ragnvaldsen ein fin vase som takk for innsatsen, og ynskte lukke til på Voss. Ho ynskte han også velkommen att om 1 år.

1. august tek David Scott Hamnes over som vikar. Han er frå Australia, men har norske røter.



Foto: Ragnvald Kringlebotten

Lars Ragnvaldsen fekk gåve frå Dale sokn ved Eli Kringlebotten

SLEKTERS GANG

DØYPTE

DALE


7.5 Maria Brørvik
7.5 Anders Brørvik
5.6 Sindre Roe
5.6 Karianne Lid

STAMNES

4.6 Alexandra Nilsen

VAKSDAL

22.4 Øystein André Langhelle
04.6 Ole Martin Knutsen
04.6 Trond Amund Vikøren



VIGDE



DALE


5.6 Peggy Karin Hammersvik og
Rune Lid

STAMNES

27.5 Solbjørg Veka og
Knut Roberto Zuliani

VAKSDAL

20.5 Lise Knutsen og
Øystein Helle
03.6 Liv Marit Kleven og
Sverre Johan Hernes



AVLIDNE



DALE


12.5 Johan Sverre Takvam, f.1918
25.5 Nils S. Langhelle, f.1918
17.6 Hjørdis Erna Langhelle f. 1911

VAKSDAL

26.4 Mats Hisdal Skage, f.1995
17.5 Magna Steinsbø, f.1925

EIDSLAND

16.6 Ole-Jakob Neset f. 1975





VELKOMEN TIL KYRKJE

9.juli - 5.søndag etter pinse

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

EIDSLAND kl.17. Aagaard. Nattverd.

BERGSDALEN kl.20. Aagaard. Nattverd.

16.juli - 6.søndag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

VAKSDAL kl.19. Kvamsøe. Nattverd.

23.juli - 7.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

DALE kl.19. Aagaard. Nattverd. Offer til Stanghelle Indremisjon.

30.juli - 8.søndag etter pinse

HAMLAGRØ kl.11. Stemne. 100 års jubileum.

6.august - 9.søndag etter pinse

NESHEIM kl.11. Norum. Avskilsgudst. Nattv.

VAKSDAL kl.11. Vikar. Offer til AAN -

Rådgivingskontoret for gravide.

DALE kl.19. Norum. Nattverd. Offer til Bibelskolen på Bildøy.

13.august - 10.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11. Stemne/avskil. Norum. Nattverd.

EIDSLAND kl. 18. Norum. Avskil. Nattverd.

20.august - 11.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Norum. Avskil. Nattverd.

STANGHELLE kl.11. Fam.gudst. Kvamsøe.

Offer til Norges Kr. Student-og skoleungd.lag.

VAKSDAL kl.19. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

27.august - 12.søndag etter pinse

DALE kl.11. Norum. Avskil. Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.20. Kvamsøe. Nattverd.

3.september - 13.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Norum. Avskil. Nattverd. Offer til Norsk Misjon i Øst.

10.september - 14.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Søndagsskulens dag. Fam.gudst. Kvamsøe.

DALE kl.18. Kvamsøe. Konf.pres.Offer til Fagertun leirstad.

FJELLVANDRINGSLEIR

I Vaksdalsfjella. 8. - 10. sept. 95.

Frist: 4. sept.

Ta kontakt med:

Norges Samemisjon, Sparebankgt. 4 A,
5017 Bergen. Tlf. 55 31 65 06



**KYRKJA I NOREG
1000 ÅR
MOSTER 995-1995**

1000 TAKK !

Vi vil gjennom Kyrkjebladet takke alle som var med på den lokale feiringa av kyrkja i Noreg sitt 1000-årsjubiléum 2. pinsedag.

Gudstenesta i Dale kyrkje vart verkeleg ei høgtidsstund. Der fekk vi sjå med augene våre at vi er sysken, alle som trur på Jesus. Og mange røyster var med på å lova Gud, både gjennom fellessong og korsong. Mange, med Dale sokneråd i spissen, gjorde ein stor og god innsats for å få til ein fin kyrkjekaffi i fabrikkens si kantine. Folk frå heile kommunen hadde baka, slik at vi hadde mykje godt å bite i der.

Det vart ei jubiléumsfeiring med lovsong til Gud, i takksemd for det Han har gjort for folket og landet vårt.

Prestane i Vaksdal prestegjeld